

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. (Transport av høy) / 2

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Otterøy

Emne: Transport av høy

Bygdelag: Otteøya

Oppskr. av: Johs. Ekker

Gard: Engesvik

(adresse): Fosslandsosen

G.nr. 19 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Omtrent likt på dei større og mindre gardar her. Husmannsplassar finst mest ikkje. No slær ingen i utmarka. Eg minnest eit par små bruk som gong og anna slo i utmarka for 50 år sia. Mest alle bruk har hest her no. Dei som ikkje har hest eller får leie hest, ber det anten inn på ei handbåre eller dreg det inn på ei tohjula lett handvogn.

2. Såvidt eg skynar gjeld desse spursmåla gamal tid. Um dei brukte taug, børsvolk, bendil eller sloe, veit ikkje eg. Eg trur nærmast dei brukte same måten som eg hugsar dei brukte når dei samla høyet på utengar med skog og tuvar eller på riktig tynt eng ellest og: Dei laga riktig store "kjemar", så lange som riva rokk, stakk handa gjennom ho på midten, trakk ho saman og knuka ho ihop, stødde så næraste kanten av kjema med vinstre handa og den andre kanten av kjema med riva som ein hadde i høgre handa, løfta så kjema opp på aksla og hovudet og bar a på lasset. Det var eit karsstykkje å bera ei slik "kjem" når ho var så stor som ho skulle vera. det skulle gå 10 slike "kjema" på eit lass på tåmeien med 2 hest for. Eit slikt lass sa dei skulle vera 10 våg. Lass for ein hest var mindre.

Det meire det er spurd um under dette punktet

kjenner eg ikkje noko til.

3. Frå utslåtter og fjeldslåtter kørde dei nok heim på vinterføre. Såvidt eg hugsar sa dei at eit vinterlass var 3 gonger så stort som eit sommarlass (altså rundt 15 våg).

4. Eg går ut frå at dette punktet iallfall i byrjinga gjeld notida. Her kører dei no høyet inn på firhjula vogn (darrisvogn). Den bakre delen, altså den som lasset legges på, blir også tildels kalla hjulslea. Storleiken kan vera ymse på dei ymse bruka. Ellest var hjulslea overgang millom meislea og darrisvogn. Denne hjulslean kvilte på meiene framme og hjula bak. Same vogner brukes til høy- og kornkjøring og er forsynt med skrinder, og dei spender over lasset på langs ein staur, lassstauren eller lessstauren som ein strekkjer nedåt med eit taug bak. Fremste enden på stauren var stukki inn i ei hempe på vogna.

Men før dei hadde desse greiene, brukte dei meislea. Dei hadde 3 remmer som alle var laga av stamme og ei rotgrein som altså dana ein vinkel med kvarandre. (Nærmast stump vinkel). Dei 2 remmer på sidene, altså beint over meiene på langs, hadde rotendenejatt. Millom desse var det tverrtre. Remma i midten hadde rotenden fram. På øvre enden av denne oppstandaren var eit

dreibart tverrtre, og frå kvar ende av dette gjekk ei vidje ned til meihovudet. I denne oppstandaren var det også ei vidje til å trø lessstauren inn i. Eit par remmer til kunne vera slått fast i flåstokkane millom desse nemnde remmene. Men skulle slean brukast til å køyra korn, måtte han helst vera tett i botnet. Skjækene hadde berre skokle, enkelt drag. Ein stakk skokla gjennom holet i akselet og stakk så skokkelkjeppen gjennom skokla på øvre sida av akselet.

På denne sleden lesste dei høyet, la kjemene på tvert og trøa dei ihop etter kvart. La så lessstauren på. Det høyet som var laust på sidene av lasset, vart raka av.

Når dei køyrde fjellhøy om vinteren, brukte dei i staden for lessstaur ei grind av 3 stenger og tverrtre med ledd som dei la over lasset og batt til med taug eller vidjer.

5. Ukjent her.

6. Veit ikkje noko å seie om det.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY

51